

Allsongen held fram i sjøkanten

22.07.2011



Allsong-innslaget i Cafe TI-aren tysdag ved dei lokale trubadurane Reidar Myklebust og Kristian Olav Bringedal vart ein fulltreffar og det var eit samstemt krav etterpå at det må bli meir allsong i bygda.
Allsong er i høgste grad in for tida - både i TV og andre stader.
Og det blir meir allsong også i Uskedalen -
allereie laurdag 6. august klokka 16.

Men det blir ein endring og det gjeld staden. Allsongen vil gå føre seg på Systrene Nilsen neste gong. Og ettersom mottoet for restaurangen er 'Stemning i sjøkanten' bør det vel vera grunn til å venta eit større innslag enn sist av sjømannsviser og songar med hav-motiv?

Trubadurane blir dei same som sist, men ein skal ikkje utelukka at det kjem ein tredjemann.

Biletet frå Gamleskulen: Her syng Reidar og Kristian medan Bjørg Hauge og Arnhild Myklebust svingar seg.

(Foto: Ola Matti Mathisen)